



Velforeningen Lonerenen
Leiar Kåre Øvrehus
Lonerenen 91
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1658 - 15/18398

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
07.10.2015

Skilting Lonerenen

Viser til dykkar forespurnad om betre skilting til Lonerenen .

Skiltinga langs Havnevegen er utført slik den skal. Etter reglane for adresseskilting skal ein ikkje setje opp navneskilt til Lonerenen før adressevegen faktisk startar.

Besøkjande til Lonerenen må få vite at dei må gå/ køyre via Nordgardshaugen for å koma dit og via Havnevegen for å koma til Nordgardshaugen. Dette er i samsvar med gjeldande retningslinjer for adresse-skilting. For dei som køyrer med GPS-navigasjon er dette ikkje noko problem.

Etter synfaring av skilta vil kommunen bestilla nytt navneskilt med teksten Lonerenen med pil til venstre og setje dette opp i staden for det som står på det vetle raude bygget i krysset i dag.

Elles ser ein det slik at tilvisingskiltinga av husnummer i feltet , som kommunen har ansvaret for, er tilfredsstillande. Kommunen pliktar berre å setje opp tilvisingsskilt til hus som ikkje greitt synes frå vegen. Det er difor skilta ved sideveg til **11A-17B**.

For å gjera det lett å finne fram til rett adresse bør huseigarane i Lonerenen setje opp kvartals-/ samleskilt på husvegger som vender mot tilkomstvegen, der sjølve husnummeret ikkje synes frå denne vegen. Husnummerskilta skal også vera av godkjent materiale – svarte tal på sjølvreflekterande botn. Ved synfaring ser ein at mange huseigarar har brukt husnummertal som ikkje syner i mørket og som då ikkje er godkjende.

Skilt som bør setjast opp er t.d **63A-63N**, **81-85** og **87-97**.

Med dette vonar ein at skiltinga vil vera tilfredsstillande og at folk vil finne fram der dei skal. God forklaring av vegen, er og blir eit nøkkelord, når ein skal finna fram utan digitale hjelpemiddel.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Velforeningen Lonerenen

Leiar Kåre Øvrehus 5918

FREKHAUG